



Gustav Bergstø fotografert av Terje Myklebust. Biletet kjem i boka.

**- Skal eg våga å tippe noko om vidare framdrift, vil eg seia at det kan vera tale om utgjeving når vi nærmar oss mai månad, seier Olaf Agnar Gausvik til uskedalen.no. Det er den etterlengta boka om Gustav Bergstø han omtalar på denne måten.**

Han er no i ferd med å gjera ferdig fyrsteutkastet om Uskedalens orginal og oppfinnar. Det ser ut til at det blir ei bok i åtte delar eller kapiteel som til saman kan koma på rundt 175 sider.

Gausvik har snakka med ei rekkje informantar og leita fram ein god del skriftlege kjelder

- Men det kan likevel tenkjast at lesarar av uskedalen.no sit og rugar på soger og hendingar som dei ville sakna dersom dei ikkje vart tekne med, seier forfattaren. Og han legg til at dei som sit med ein slik tvil bør senda ein mail til [marialg@online.no](mailto:marialg@online.no) slik at han får høve til å sjå nærare på saka. Alle skal få svar, lovar Gausvik.

Fyrsteutkastet må no gjennomarbeidast grundig og skikkeleg.

Av Ola Matti Mathisen